




# Organisasjonsplan for Fjellhug/Vereide IL 2021

Revidert 12.04.2021 – revisjon 9

Organisasjonsplanen skal vedtakast på årsmøtet, og innehalde eit organisasjonskart og ei beskriving av ansvaret og dei viktigaste oppgåvene som gjeld for ulike funksjonar i idrettslaget.

*Funksjonsbeskrivinga for dei lovpålagte verva går fram av idrettslaget si lov. For dei styreoppnemnde verva bør styret vedta eigne funksjonsbeskrivingar, som blir lagt inn i organisasjonsplanen.*

## 1. Organisasjonskart



Kjønnsfordeling: « Ved val/oppnemning av styre, råd, utval/komite osv. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd skal både kjønna vere representerte. Samansetjinga skal samsvare med kjønnsfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at det ved val/oppnemning av meir enn tre personar skal veljast/oppnemnast minst to personar frå kvart kjønn.» Jf. idrettslaget si lov § 4.

## 2. Styremedlemmer valde på årsmøte 21.04.2021 *(vert oppdatert etter årsmøtet)*

### Arbeidsutval og grupper

(Medlemmar i kursiv er på val i 2021.)

| ARBEIDSUTVAL             |                                     |        | Neste valår |
|--------------------------|-------------------------------------|--------|-------------|
| <b>Leiar</b>             | <b><i>Else Margrethe Larsen</i></b> | Attval | 2021        |
| Nestleiar/studiesekretær | Karoline Aldis Bjerkeset            | Ny     | 2022        |
| Kasserar                 | <i>Kjellfrid Åsnes Gloppestad</i>   | Ny     | 2021        |
| Vara til styret          | <i>Jon Kåre Lundestad</i>           | Attval | 2021        |

| ØKONOMI      |                                   |              |      |
|--------------|-----------------------------------|--------------|------|
| <b>Leiar</b> | <b><i>Roger Sunde Andenæs</i></b> | Ikkje på val | 2021 |
|              | Eli Evebø                         | Attval       | 2022 |
|              | Knut Åge Hauge                    | Ny           | 2022 |
|              | <i>Grete Liv Tisthamar</i>        | Ikkje på val | 2021 |
|              | <i>Jon Erik Aske</i>              | Ikkje på val | 2021 |

| BARNEIDRETT  |                               |              |      |
|--------------|-------------------------------|--------------|------|
| <b>Leiar</b> | <b><i>Egil Fjellestad</i></b> | Ikkje på val | 2021 |
|              | Kevin Skinlo Denton           | Ny           | 2022 |
|              | Bodil Hjelmeset               | Attval       | 2022 |
|              | Bodil Fjellestad Eikrem       | Attval       | 2022 |
|              | <i>Marius Aske</i>            | Ikkje på val | 2021 |

| SKI          |                                       |              |      |
|--------------|---------------------------------------|--------------|------|
| <b>Leiar</b> | <b><i>Astrid Fjellestad Hauge</i></b> | Attval       | 2021 |
|              | <i>Øyvind Seim</i>                    | Ikkje på val | 2021 |
|              | Arne Nesgård                          | Attval       | 2022 |
|              | <i>Sverre Nesdal Aske</i>             | Ikkje på val | 2021 |
|              | <i>Jan Roger Engeset</i>              | Ikkje på val | 2021 |
| Vara         | <i>Jonfinn Aske</i>                   | Ikkje på val | 2021 |

| FRIIDRETT    |                                |              |      |
|--------------|--------------------------------|--------------|------|
| <b>Leiar</b> | <b><i>Dagfinn Nyhammer</i></b> | Attval       | 2021 |
|              | Kjersti Bjotveit               | Attval       | 2022 |
|              | <i>Else Lundestad</i>          | Ikkje på val | 2021 |
|              | Arne Klakegg                   | Ny           | 2022 |

|      |                       |              |      |
|------|-----------------------|--------------|------|
| Vara | <i>Magne Ravnstad</i> | Ikkje på val | 2021 |
|------|-----------------------|--------------|------|

| TRIMUTVALET |                               |              |      |
|-------------|-------------------------------|--------------|------|
| Leiar       | <b>Bård Kjetil Aske</b>       | Attval       | 2021 |
|             | Dag Apalset                   | Attval       | 2022 |
|             | <i>Edvard Fjellestad</i>      | Ikkje på val | 2021 |
|             | <i>Kjell Jørgen Slettvoll</i> | Ikkje på val | 2021 |
|             | <i>Rune Hauge</i>             | Ikkje på val | 2021 |
| Vara        |                               |              |      |

| ORIENTERING (ikkje aktiv gruppe – kun kontaktperson) |                   |              |      |
|------------------------------------------------------|-------------------|--------------|------|
| Leiar                                                | <b>Vidar Eide</b> | Ikkje på val | 2021 |

| VOLLEYBALL |                     |              |      |
|------------|---------------------|--------------|------|
| Leiar      | Birte Fossheim      | Attval       | 2022 |
|            | <i>Kari Søreide</i> | Ikkje på val | 2021 |
|            | <i>Heidi Kroken</i> | Ikkje på val | 2021 |

| HANDBALL |                          |              |      |
|----------|--------------------------|--------------|------|
| Leiar    | <b>Hege Roth-Andenæs</b> | Ny           | 2021 |
|          | Benedicte Hatledal       | Ny           | 2022 |
|          | Janne Katrin Føleide     | Attval       | 2022 |
|          | Siv Anita Drageset       | Attval       | 2022 |
|          | <i>Sissel Ravnstad</i>   | Ikkje på val | 2021 |

| Kontrollutval/revisjon |                         |        |      |
|------------------------|-------------------------|--------|------|
|                        | <i>Magne Vereide</i>    | Attval | 2021 |
|                        | <i>Oddrun Slagstad</i>  | Attval | 2021 |
| Vara                   | <i>Sigbjørn Heggdal</i> | Ny     | 2021 |

| VALNEMND |                           |              |      |
|----------|---------------------------|--------------|------|
| Leiar    | <b>Steffen Fjellestad</b> | Ikkje på val | 2021 |
|          | Olin Austrheim            | Ikkje på val | 2022 |
|          | Erling Sande              | Ny           | 2023 |

### 3. Årsmøtet

Årsmøtet er idrettslaget si høgste mynde og blir halde kvart år i mars. Årsmøtet sine oppgåver er nærare beskrive i idrettslaget si lov. Der går det òg fram korleis årsmøtet skal kallast inn.

For å ha stemmerett og vere valbar må eit medlem ha fylt 15 år, vore medlem i idrettslaget i minst éin månad og ha betalt kontingent.

Årsmøtet legg grunnlaget for idrettslaget si verksemd og styret sitt arbeid. Alle som ønskjer å vere med på å bestemme kva idrettslaget skal gjere og korleis det skal drivast, bør delta på årsmøtet. Protokollen frå årsmøtet bør leggjast ut på idrettslaget si heimeside.

Les meir:

[Lovnorm for idrettslag](#), om årsmøtet i § 14, 15, 16, 17, 18 og 19

[Sjekkliste for årsmøtet](#)

Sakliste til årsmøtet, sjå § 16 i lovnorma

## 4. Styret

Styret er idrettslaget si høgste mynde mellom årsmøta. Nokre saker kan ikkje styrehandsamast, men må handsamast av årsmøtet. Det gjeld saker som går fram av «Årsmøtet sine oppgåver» (§ 16), og saker som er av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettslaget si storleik og verksemd. Dersom styret er i tvil, bør saka opp på årsmøtet.

### Lovpålagte oppgåver for styret

- Sette i verk vedtak frå årsmøtet og regelverk og vedtak frå overordna organisasjonsledd.
- Sjå til at idrettslaget sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtaka som er fatta på årsmøtet eller i overordna organisasjonsledd, og sørgje for at idrettslaget har ein tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen og har forsvarleg økonomistyring.
- Etter behov nemne opp komitéar, utval eller personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for deira funksjon.
- Representere idrettslaget utetter.
- Nemne opp ansvarleg for politiattestordninga.
- Nemne opp ein ansvarleg for barneidretten.
- Nemne opp representantar til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd dersom årsmøtet ikkje har valt representantar.
- Rapportere organisasjonsdata i samsvar med krav fastsette av Idrettsstyret.

### Andre viktige oppgåver

- Planlegge og ivareta laget si totale drift, her under mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap.
- Sørgje for at idretten sine retningslinjer for aktiviteten i idrettslaget blir følgd
- Stå for idrettslaget si daglege leiing.
- Arbeidsgjevar for eventuelle tilsette.
- Legge fram innstilling til årsmøtet på kandidatar til valkomité.
- Nemne opp to personar som i fellesskap skal disponere idrettslaget sin konti, og sørgje for at dei er dekkja av underslagsforsikring.
- Lage årsrapport frå styret til årsmøtet.
- Oppdatering av klubbhandboka.
- Ta initiativ til samarbeid med dei andre idrettslaga i området når det er naturleg, til dømes ved større arrangement, dersom det kan bidra til grupper med få medlemmar eller liten aktivitet og ved eksterne innleiarar, kursing m.m.

Styremedlemene kan veljast til spesifikke oppgåver som kasserar eller sekretær på årsmøtet, eller styret kan sjølv fordele oppgåvene. Fordelinga av oppgåver bør beskrivast, slik at folk ser kven dei skal kontakte i ulike saker.

### **Styret sitt arbeid**

- Styret har 5-6 møter i året.
- Styremøta har slik inndeling:
  - Vedtakssaker
  - Drøftingssaker
  - Orienteringssaker
  - Runde rundt bordet

Styret er vedtaksføre når eit fleirtal av styret sine medlemmar er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved likt stemmetal er møteleiaren si stemme avgjerande.

Styremedlemmene pliktar å respektere eit styrevedtak, sjølv om det er fatta mot vedkomandes eiga stemme.

Styremøte kan haldast per e-post eller per telefon, sjå lovnorm § 9. Det skal alltid førast protokoll frå styremøta.

Kvart styremøte bør innleiingsvis starte med spørsmål om det føreligg mogleg inhabilitet i nokon av sakene, og handsaminga av inhabilitet skal alltid protokollast. Om inhabilitet, sjå lovnorm § 98

Les meir:

[Mal for innkalling til styremøte](#)

[Mal for protokoll frå styremøte](#)

### **Godtgjersle for styremedlemmar**

Styremedlemmar har følgjande godtgjersle (*vedteke på årsmøte 18.03.2018*)

- Leiar – 10 000 kr
- Nestleiar – 5000 kr
- Kasserar – 5000 kr

### **Arbeidsoppgåver for styremedlemmar**

#### **Leiar**

- Mål- og strategiarbeidet i idrettslaget.
- Er idrettslaget sitt ansikt utetter og idrettslaget sin representant i møter og forhandlingar.
- Står for idrettslaget si daglege leiing, og koordinerer styret sitt og idrettslaget sin totale aktivitet.
- Innkallar til styremøte, førebur saker i lag med AU og leier møta.
- Ansvarleg for politiattestordninga.
- Ta seg av inngåande og utgåande post, og eventuell arkivering.
- Lage møteplan i lag med resten av styret og distribuere denne til alle styremedlemmar.

#### **Nestleiar**

- Er stadfortredar for leiaren.
- Føre protokoll frå alle styremøte og referat frå medlemsmøte.

- Er ansvarleg for utarbeiding av årsmelding og organisasjonsplan i samband med årsmøtet.
- Sørge for at sponsorarbeidet vert koordinert med styret.
- Andre oppgåver definert gjennom arbeidsåret.

#### **Kasserar**

- Er ansvarleg for oversyn over løpande økonomi i laget.
- Sørger for kommunikasjon mellom styret, ev. rekneskapsfører og revisor.
- Sørger for at fakturering skjer i tråd med sponsoravtalar og fører oversyn over gratis årskort i tråd med sponsoravtalar, grunneigaravtalar og dugnadsarbeid i samarbeid med sponsorgruppa og idrettsgruppene.
- Har ansvar for at medlemsregisteret vert ajourført i samarbeid med idrettsgruppene.
- Koordinere arbeidet med utarbeiding av budsjett for idrettsgruppene i samband med årsmøte.

#### **Andre oppgåver som fordelast mellom styret sine medlemmar**

- Samordna rapportering (idrettsregistreringa og søknad om momskompensasjon)
- Lage møteplan saman med heile styret og distribuere den til alle styremedlemar
- Lage oversikt over idrettslaget sine tillitsvalte
- Oppdatere idrettslaget si heimeside og facebookside.
- Førefallande oppgåver gjennom arbeidsåret.

## **5. Utval/komitear**

Mandat og oppgåver for utval/komitear som er lovpålagte, går fram av idrettslaget si lov. Det gjeld valkomité og kontrollutval

**Kontrollutval/revisor** skal vurdere om årsrekneskapen er utarbeidd og fastsett i samsvar med [NIF sine rekneskaps- og revisjonsbestemmelsar](#), og om styret har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapen i samsvar med desse reglane. Alle idrettslag som har årleg omsetnad over 5 millionar kroner, skal følgje [rekneskapslova](#) og [bokføringslova](#), engasjere statsautorisert eller registrert revisor, følgje [revisorlova](#) og velje ein kontrollkomité.

**Valkomiteen** har ei viktig rolle for å sikre drift av idrettslaget gjennom å finne personar med rett kompetanse til styret.

Valkomiteen pliktar:

- å diskutere med styret om moglege endringar i styret si samansetning.
- å halde seg informert om, og diskutere med, medlemmane om ulike kandidatar for styreoppdrag, og såleis få greie på om ønska personar har kunnskap, tid og interesse for oppdraget.
- før årsmøtet, på det tidspunkt vedtektene bestemmer, levere skriftleg forslag på kandidatar som skal leggjast fram på årsmøtet.
- under årsmøtet presentere valkomiteen sitt forslag

For dei styreoppnemnte utvala bør ansvar og hovudoppgåver for utvala beskrivast av styret sjølv når styret vedtek å opprette utvala. Slik blir det lett å finne ut kva dei tillitsvalte i komitear og utval kan og skal gjere. Beskriving bør innehalde korleis utvalet/komiteen er bygd opp, og kva mandat og kva oppgåver utvalet/komiteen har.

## Styreoppnemnde utval 2021

### Sponsorgruppa

AU – Karoline Bjerkeset, leiar  
Handballgruppa – Siv Anita Drageseth  
Volleyballgruppa – Heidi Kroken Bruland  
Skigruppa – Arne Nesgård  
Friidrettsgruppa – Dagfinn Nyhammer

Sponsorgruppa har ansvaret for oppfølging av **sponsorstrategien** (*vedteken av styret xx.xx.2021, vert oppdatert*) til Fjellhug Vereide IL.

Sponsorgruppa skal:

- Sørge for at dei ulike sponsorane vert følgt opp i tråd med inngåtte sponsoravtaler med omsyn til synleggjering på tilgjengelege og aktuelle flater for idrettslaget og i samband med arrangement.
- Sørge for at laget til ein kvar tid har hovudsponsor (i samarbeid med AU), og eit høveleg tal støttespelarar og enkeltsponsorar og at sponsoravtarar vert fornya eller nye vert etablert.
- Sørge for årleg ha kontakt med dei viktigaste sponsorane for å sikre god informasjon og godt samarbeid og sørge for at sponsorane får informasjon om Fjellhug/Vereide IL sitt arbeid.
- Ha ansvar for utforming og oppdatering av lagskle og andre sponsorflater, samt ta initiativ ovanfor styret til endringar i sponsorflater og sponsordokument ved behov.
- Sikre at sponsormateriell frå dei viktigaste sponsorane som skal nyttast ved ulike arrangement i tråd med sponsoravtalene er tilgjengelege på lageret til Fjellhug-Vereide IL (sponsorane er sjølv ansvarlege for å skaffe materiell)
- Sikre at arrangørar av enkeltarrangement held sponsorgruppa orientert slik at arbeidet med sponsorar er best mogeleg koordinert.
- Leiar for sponsorgruppa er ansvarleg for at informasjon om gjeldande sponsoravtarar og anna vert overlevert til kasserar/AU.

**Sponsorar for Fjellhug/Vereide IL 2021 er:**

#### Hovudsponsor:

- Olav Hjelmeset A/S

#### Støttespelarar:

- Leiv Austrheim

#### Enkeltsponsorar (drakt)

- REMA 1000 Sandane
- Sandane kiropraktor

#### Enkeltsponsorar (skilt)

- Nordfjord laks A/S
- Advokat Mardal/Gloppen eigedomsmekling

## **Grupper i fleiridrettslag**

Fjellhug/Vereide IL er eit fleiridrettslag med grupper med eige styre. Gruppene er representert i styret. Sakspapir og protokoll frå Fjellhug/Vereide IL sine styremøte vert gjort kjent for kvar gruppeleiar. Gruppene kan sende inn saker til styret som dei ønskjer handsama. Styret skal halde minst 2 fellesmøte med gruppeleiarane i året.

## **6. Handlingsplan for Fjellhug/Vereide IL 2021**

*Her set vi opp saker som laget vil arbeide for å gjennomføre.*

### **Handlingsplan for dei ulike gruppene i Fjellhug/Vereide IL**

*Her legg dei ulike gruppene inn sine handlingsplanar*

#### **6.1. Barneidrettsgruppa**

- Arrangere barnetrim for barnehageborn og 1.-2. klasse.
- Skitrim i samarbeid med skigruppa.

#### **6.2. Trimgruppa**

- Fjelltrimmen vert arrangert som vanleg.
- Idrettsmerke.
- Planen er å arrangere vanlege trimaktivitetar frå hausten av.

#### **6.3. Skigruppa**

- Planen er fire karusellrenn, avslutningsrenn med premieutdeling, lagsrenn, Kleivanerenn og Rypeskarrenn.  
På grunn av covid-19 ser desse ut til å ikkje verte gjennomførte.
- Aktivitetsdag på Myra/evt. Kleivane 20. februar.
- Skitrening på onsdagar 1.-10. klasse.

#### **6.4. Volleyballgruppa**

##### **Mål**

Vi skal stabilisere og auke volleyballinteressa blant dei unge. Vi skal ha eit tilbod som sørgjer for rekruttering, slik at vi kan ha både herre- og damelag i seriespel.

Volleyball er også ein idrett ein kan drive med i vaksen alder. Dersom det er ledig kapasitet i hallen innanfor volleyballen sine treningstider, så vil vi også legge til rette for treningstilbod for denne gruppa.



#### **Tiltak våren 2021**

- Treningstilbud for damelag og lag i serien
- Treningstilbud rekruttlag damer
- Treningstilbud rekruttlag herre
- Gubbetrening (går truleg ut pga. smittevern)
- Sommaravslutning – volleyballturnering på Rygg med grilling

#### **Tiltak hausten 2021**

- Kick-off i sept – felles fjelltur med grilling på TIN-camp
- Treningstilbud for damelag og 2 lag i serien
- Treningstilbud for herrelag og lag i serien
- Gubbetrening
- Familieturnering i volleyball 3. juledag

*Birte Fossheim, Heidi Kroken Bruland og Kari S*



## 6.5. Friidrettsgruppa

### Organisasjon

Leiar + 4 medlemmer + 1 varamedlem. Leiar og vara er på val kvart år, dei andre styremedlemene to og to annakvart år.

### Oppgåver

| Dato           | Tema                                                                                                                                                        | Målsetting                                                                                                    | Tiltak/løsning                                                                                                                                                                                                   | Ansvarlig                                                           | Tidsfrist                                                  | Utført |
|----------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------|--------|
| 15/1           | Terminliste                                                                                                                                                 |                                                                                                               | Sende til SFFIK                                                                                                                                                                                                  | Leiar (DNY)                                                         | 15/1                                                       | ok     |
| Heile sesongen | <b>Arrangement</b><br>-Innandørs<br>-KM terrengløp<br>-Svinestranda Opp<br>-Nordstrands-løpet<br>-Regionsleikane<br>-Gloppen<br>Halvmaraton<br>-Seriestemne | Lage gode og innhaldsrrike stemne, med solid gjennomføring,                                                   | -Funksjonærliste<br>- Innbydingar (Facebook andre klubbar, innbyding Messenger)<br>- Avtale om arena<br>- Utstyr<br>- Pressemeldingar<br>- Praktisk førearbeid<br>- Gjennomføring<br>- Etterarbeid, rapportering | Leiar + evt. andre i gruppa som vert utpeika.                       | Heile sesongen                                             |        |
|                | Trening                                                                                                                                                     | Ha gode treningstilbod 8-12 år<br>.....<br><br>Treninga 2021: Ha vår og hausttreninga ved løpebana på Vereide | -Samarbeid med STIL<br>-Skaffe trenarar<br>.....<br><br>Få flest mogeleg til å møte på treningane. Ha eit attraktivt treningstilbod.                                                                             | Leiar<br><br>.....<br><br>Kirsti og Else (saman med leiar i gruppa) | Oktober-April<br><br>.....<br><br>Mai/juni og august/sept. |        |
|                | Konkurransar                                                                                                                                                | Delta på stemne                                                                                               | -Vere aktive mot borna for å få dei til å delta                                                                                                                                                                  | Heile gruppa                                                        | Mai-september                                              |        |
|                | Stafettar                                                                                                                                                   | Delta på<br>- Oldenstafetten<br>- Breimstafetten                                                              | Ta ut lag<br>Ta ut lag<br>Stafett-trening                                                                                                                                                                        | Gruppe-medlem(er)                                                   | April-Mai                                                  |        |
|                | Administrativt                                                                                                                                              | Kontakt med krins                                                                                             | Terminliste<br>Kontakt ved større stemne                                                                                                                                                                         | Leiar                                                               | Heile året                                                 |        |
|                | Administrativt                                                                                                                                              | Årsmøte/ting SFFIK                                                                                            | Møte på årsmøte og andre møte                                                                                                                                                                                    | Leiar                                                               | Innkalling                                                 |        |

|  |                             |                                                  |                                                                                          |       |            |  |
|--|-----------------------------|--------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------|-------|------------|--|
|  | Gruppemøte friidrettsgruppa | Kontakten gruppa i mellom                        | Planlegging/ arbeidsfordeling for arrangement og trening                                 | Leiar | Heile året |  |
|  | Samarbeid andre lag         | Vi er avhengige av godt samarbeid med fleire lag | Samarbeid om<br>- Sparebankleikane<br>-STIL (trening og arrangementet<br>-GFIL (trening) | Leiar | Heile året |  |

## 6.6. Handballgruppa

### Hovudoppgåve

Tilby handballaktivitet til born i alderen 7-13 år (2. klasse og oppover). Ved små årskull vil det bli samarbeid med andre klubbar rundt fjorden slik at alle har eit tilbod.

### Arrangement

Arrangere aldersbestemte kampar og 10-/11-års turneringar i Trivselshallen, fastsett av Handballregionen. Det vil også bli søkt om miniarrangement (j/g 7-9 år) dersom gruppa finn dette økonomisk forsvarleg.

### Kurs

Tilby kursing til medlemar i laget. Dette vere seg trenarkurs eller dommarkurs.

## 7. Utmerkingar i regi av Fjellhug/Vereide IL

### 7.1. Innsatsprisen

*(Vedteke på årsmøtet 20. februar, 2005, sak 11)*

#### Statuttar for Innsatsprisen i Fjellhug/ Vereide IL

1. Gruppene kan kome med framlegg på kandidatar til styret
2. Innsatsprisen vert delt ut etter vedtak i styret
3. Innsatsprisen kan delast ut til ungdom som gjennom fleire sesongar har vist stor innsats og/eller gode prestasjonar
4. Innsatsprisen er ein diplom og pengepremie (sjekk)
5. Innsatsprisen skal delast ut på årsmøte eller der styret ynskjer det

**Innsatsprisen er 2000 kr**

#### Oversyn over tildelte innsatsprisar i Fjellhug/Vereide IL

| Namn           | År   | Andre opplysningar |
|----------------|------|--------------------|
| Vidar Nyhammer | 2004 | Årsmøte 2005       |

|                                            |      |                                                                                       |
|--------------------------------------------|------|---------------------------------------------------------------------------------------|
| Johnny Hauge                               | 2005 | Årsmøte 2006                                                                          |
| Trygve Henden Gåsø                         | 2006 | Årsmøte 2007                                                                          |
| Amanda Hjelmset<br>Ørjan Midthjell         | 2007 | Årsmøte 2008                                                                          |
| Jens Kristian Andenes                      | 2008 | Årsmøte 2009                                                                          |
| Ingen utdeling                             | 2009 | Årsmøte 2010                                                                          |
| Katrine Nyhagen Hole                       | 2010 | Årsmøte 2011                                                                          |
| Ingvild Slagstad                           | 2011 | Årsmøte 2012                                                                          |
| Ingen utdeling                             | 2012 | Årsmøte 2013                                                                          |
| Andreas Rauset                             | 2013 | Langrenn, fridrett, sykling,<br>motbakke. Årsmøte 2014                                |
| Birthe Eilander<br>Sarah Helen Fuglestrand | 2014 | Aktive utøvarar og<br>gjennomfører arrangement i<br>volleyballgruppa. Årsmøte<br>2015 |
| Ingen utdeling                             | 2015 | Årsmøte 2016                                                                          |
| Even Nesgård                               | 2016 | Årsmøte 2017                                                                          |
| Ingen kandidat                             | 2017 | Årsmøte 2018                                                                          |
| Andrè Aske Granheim                        | 2020 | Styremøte 10.11.2020                                                                  |

## 7.2. Heidersprisen

(Vedteke på årsmøtet 20. februar, 2005, sak 11)

### Statuttar for Heidersprisen i Fjellhug/ Vereide IL

1. Medlemmer, gruppestyre og styret kan kome med framlegg på kandidatar. Med framlegget skal det fylgje skriftleg grunngjeving.
2. Heidersprisen vert utdelt etter samrøystes vedtak i styret.
3. Heidersprisen kan delast ut til personar som:
  - a. Administrativt og/eller som aktiv har gjort ein stor innsats for idretten i Fjellhug/Vereide IL.
  - b. Eller på andre måtar gjennom mange år har ytt Fjellhug/Vereide IL ei stor teneste.
4. Heidersprisen er ei krystallvase med inngravert namn, årstal og tekst «TAKK FOR VERDFULLT AREBEID I FJELLHUG/VEREIDE IL»
5. Heidersprisen skal delast ut på årsmøte eller der styret ynskjer det.

### Heidersprisen er ein krystallvase med inskripsjon:

- Namn
- Årstal
- « Takk for verdfullt arbeid i Fjellhug/ Vereide IL»

### Vidare får vinnaren eit ark med grunngjeving.

Dei siste åra har vi brukt Monrad Johnsens Eftf. AS i Eidsgata på Nordfjordeid.

Der får vi både vase og inskripsjon. Vasen kostar ca. 800 kr. med inskripsjon vert det ein verdi av ca. 1100 kr.

## Oversyn over tildelte heidersprisar i Fjellhug/Vereide IL

| Namn                                                           | For året | Utdelt på årsmøtet                  |
|----------------------------------------------------------------|----------|-------------------------------------|
| Dagfinn Nyhammer                                               | 2005     | 2006                                |
| Berit Aasebø Hauge<br>Astrid Fjellestad Hauge<br>Dag Fosstvedt | 2006     | 2007                                |
| Birger Berge<br>Bjarne Hauge                                   | 2007     | 2008                                |
| Rune Hauge                                                     | 2008     | 2009                                |
| Margit Nyhammer                                                | 2009     | 2010                                |
| Magnar Solheim<br>Jon Solheim<br>Bjarte Fjellestad             | 2010     | 2011                                |
| Øyvind Seim<br>Ragnhild Bakketun Vederhus                      | 2011     | 2012                                |
| Else Tystad<br>Mariann Skaaden                                 | 2012     | 2013                                |
| Øyvind Indrebø<br>Ragnhild Gimmetstad                          | 2013     | 2014                                |
| Anne Britt Henden                                              | 2014     | 2015                                |
| Sverre Nesdal Aske                                             | 2015     | 2016                                |
| Jonfinn Aske<br>Bodil Reed Hammersland                         | 2016     | 2017                                |
| Ståle Austrheim                                                | 2017     | 2018                                |
| Else Margrethe Larsen                                          | 2019     | 2020                                |
| Roger Sunde Andenæs                                            | 2020     | 2020 (utdelt på styremøte 10.11.20) |

### 7.3. Æresmedlemskap

(Vedteke på årsmøtet 20. februar, 2005, sak 11)

#### Statuttar for Æresmedlemskap i Fjellhug/Vereide IL

- 1) Medlemmer, gruppestyre og styret kan kome med framlegg på kandidatar. Med framlegget skal det fylgje skriftleg grunngjeving
- 2) Heidersprisen vert utdelt etter samrøystes vedtak i styret.
- 3) Heidersprisen kan delast ut til personar som
  - a. Administrativt og/eller som aktiv har gjort ein stor innsats for idretten i Fjellhug/Vereide IL
  - b. Eller på andre måtar gjennom mange år har ytt Fjellhug/Vereide IL ei stor teneste
- 4) Æresmedlemskap er den høgste utmerking i Fjellhug /Vereide IL. Ein æresmedlem vil få ein medalje + diplom med tekst. På medalje skal det stå: « Æresmedlem Fjellhug/ Vereide IL» På diplom skal det stå: «ÆRESMEDLEM – namn» og «TAKK FOR VERDFULLT AREBEID I FJELLHUG/VEREIDE IL»
- 5) Prisen skal delast ut ved jubileum eller andre festlege arrangement.

#### Oversyn over æresmedlemskap i Fjellhug/Vereide IL

| Namn | Årstal | Utnemnt |
|------|--------|---------|
|------|--------|---------|

|                                                                             |                  |                                                                                              |
|-----------------------------------------------------------------------------|------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------|
| Torstein Rye<br>Didrik Nybø                                                 | ?                | Vereide IL                                                                                   |
| Roar Fjellestad<br>O. Skrivervik<br>Jens Austrheim<br>Anders Solheim        | 1949             | Fjellhug IL                                                                                  |
| Magnus Fjellestad<br>Peder E Vereide                                        | 1969             | 70 års-jubileet                                                                              |
| Leif Bakketun<br>Josef Gimmestad                                            | 1979             | 80 års-jubileet                                                                              |
| Håkon Lundestad<br>Agnar Hjelmeset<br>Lasse Solheim<br>Leiv Tveit           | 1999             | 100 års-jubileet                                                                             |
| Ola E Hjelmeset<br>Jonfinn Aske<br>Dagfinn Nyhammer<br>Odd- Bjørn Hjelmeset | 28. oktober 2006 | Markering for 40 år sidan<br>Skiklubben Fjellhug og<br>Vereide IL gjekk saman til eit<br>lag |

#### 7.4. Helsingar frå Fjellhug/Vereide IL

Arbeidsutvalet har ansvar for:

- Gratulasjonar til æresmedlemmer.
- Helsingar ved dødsfall til æresmedlemmar.

Særidrettsgruppene har ansvar for:

- Helsingar ved dødsfall til andre utanom æresmedlemmar.